kommunen må regulerast i samsvar med den faktiske ein-
ingar i dette området og må koma med slikt framlegg:

1. Tidlegare Åsheim krins med tilegg av Kvamsvik blir ein krins for 1.-6. årssteg i grunnskulen. Skulestad: Ramshelleren.
2. Vikås og Lauvås krinsar, med frådrag av Kvamsvik, vert slegne saman til ein krins for 1.-6. årssteg i grunnskulen.
3. Reguleringa vert gjort gjeldande frå den tid skulane i krinsane Åsheim og Lauvås/Vikås er utbygde for den nye ordninga.
4. Oppseiing av avtalen med Austrheim vert utsett.

304/74 Fast skyssgodtgjersle for prestane i Lindås prestegjeld.

Sak 138 i formannskapsmøtet den 28. 2. 74.

Vedtak mot 2 røyster:

Lindås formannskap samtykkjer i at soknepresten og res. kap. i Lindås prestegjeld får ei fast årleg skyssgodtgjersle — kr. 9.000.- for soknepresten og kr. 6.000.- for res. kap.

Ordninga vert sett i verk frå 1. juli 1974.

(Margin: Soknepr. + Res. kap. Sæbø 5/7-74)



305/74 Skriv frå Birger Kvamme m.fl. til båtfeste på kaiområde i Kvamsvåg.

Samr. vedtak:

Lindås kommune kan ikkje vera med å gå med til at dei som har fått båtfeste på Olav Pallesen sin tomt i Kvamsvåg, får nytt båtfeste på det gamle kaiområdet.

(Margin: Eg. Kvamme, O. Pallesen 5/7-74)

306/74 Kulturplan for Lindås.

Det ligg føre eit framlegg.

Samr. vedtak:

Lindås formannskap er samd i at det vert arbeidt ut ein kulturplan for Lindås.

Fram til kommunen kan velja eit arbeidsutval — får skulesjef Tungodden og områdeleiar Haraldsen fullmakt til å arbeida vidare med framlegget til kulturplan.

Vegjeld: Haaland

(Margin: Skulesjef Tungodden, Områdeleiar 5/7-74)